



## Statens vegvesen

Lindås Kommune  
Felles Postmottak, Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klasseang	
12. 01. 2015	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakstr.	Tilgangskode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Tonje Vabø - <tomt>

Vår referanse:  
2014/115979-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
09.01.2015

### Varsel om oppstart av planarbeid Fv. 57 Lindås tettsted-Mongstad

Statens vegvesen varslar med dette oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 3-7 og 12-8. Statens vegvesen er forslagstillar for planarbeidet, medan Lindås kommune er planmyndigheit. Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing. Ytre planavgrensing er vist på vedlagt kart, og omfattar areal til vegformål, rigg- og anleggsområde og omlegging av avkjørsler. Endeleg avgrensing av planen vil avklarast i forbindelse med planarbeidet.

#### Beskriving av prosjektet

Planarbeidet gjeld utbetring av eksisterande fylkesveg 57 frå Lindås tettstad til Mongstad, samt etablering av parallell gang- og sykkelveg. Føremålet med planarbeidet er å fastleggje plassering og utforming av køyreveg, kryssløysingar, gang-sykkelveg og samstundes sikre areal til gjennomføring av prosjektet.

Informasjon om prosjektet vert og lagt ut på internett under «høringar» på:  
[www.vegvesen.no/vegprosjekter](http://www.vegvesen.no/vegprosjekter)

#### Framdrift og frist for innspel

Dei som har merknadar, spørsmål, opplysningar eller innspel knytt til det varsla planarbeidet kan **innan 13. februar 2015** sende desse skriftleg til:

Statens vegvesen Region vest,  
Askedalen 4, 6863 Leikanger

Merk brevet med "Saksnummer 2014115979"

Alternativt kan ein nytte e-postadresse: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no).

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

**Informasjonsmøte**

I samband med varsling om oppstart av planarbeid, vil Statens Vegvesen og Lindås kommune halde eit ope informasjonsmøte i Lindåshallen, 29. januar kl 18.00.

**Ta gjerne kontakt**

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de gjerne kontakte Tonje Vabø som er Statens vegvesen si planprosjektleder på telefon 55516138 eller på e-post ([tonje.vabo@vegvesen.no](mailto:tonje.vabo@vegvesen.no)).

**Vidare arbeid**

Etter at fristen for å komme med merknader er gått ut vil innkomne merknader verte gjennomgått og kommentert av Statens vegvesen, før dei vert sendt til kommunen for uttale. Deretter vert forslag til reguleringsplan utarbeidd og sendt Lindås kommune for politisk handsaming.

Etter 1. gongs handsaming vert planforslaget sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i regi av kommunen. Det vil då vere anledning til å sende inn merknader til planforslaget. Når planforslag er lagt ut til offentleg ettersyn vil verte halde eit nytt informasjonsmøte der planforslaget vert presentert.

Med helsing



Tonje Vabø  
Prosjektleder

Vedlegg 1

Kopi: Lindås kommune



